

SVNO  
30.11.12  
L12  
12/22-3



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Aukra kommune  
Rådhuset  
6480 AUKRA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		70700/2012/REGULERINGSPLAN/1547	Bjørn Ringstad, 71 25 88 41	27.11.2012

## **Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne etter kulturminneloven § 8 fjerde ledd. Reguleringsplan for Horremsleira, gnr. 3 Aukra kommune**

Innafor reguleringsområdet er det registrert automatisk freda kulturminne i form av tre kokegroper/groper (*Askeladden ID160301*). Desse er freda i samsvar med lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kml) § 4 første ledd pkt. a. Etter kml § 8 fjerde ledd skal ein i samband med behandlinga av reguleringsplan ta stilling til om det kan gjevast løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne som blir berørt av planen. Møre og Romsdal fylkeskommune er rette mynde til å avgjere dispensasjonsspørsmålet i denne saka, i samsvar med Miljøverndepartementet sitt delegasjonsvedtak av 24.3.2011.

Møre og Romsdal fylkeskommune finn etter ei samla vurdering å kunne tillate at reguleringsplan for Horremsleira i Aukra kommune blir vedtatt utan vilkår om vidare arkeologisk undersøking av kokegropene/gropene *Askeladden ID 160301* før tiltak etter planen blir realisert. Tilstreккеleg dokumentasjon er allereie gjennomført i samband med registrering utført av Møre og Romsdal fylkeskommune, men det vil bli sendt inn ei eller fleire trekullprøver til C-14 datering.

*Askeladden ID 160301* er ei samling med tre groper, truleg kokegroper frå jernalderen, som ligg i området der det er planlagt tilkomstveg aust i planområdet.

Med helsing

Bjørn Ringstad  
Fylkeskonservator

Vedlegg: Kart stempla Møre og Romsdal fylkeskommune og datert 27.11.12

Kopi med vedlegg til: NTNU Vitenskapsmuseet  
Riksantikvaren, Pb. 8196 Dep, 0034 Oslo